



Alver kommune, Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: d15247b1-976d-4fe6-b2d1-
e973de7c4f4d
Vår: 21/7327 - 21/60451

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:

20.09.2021

Gbnr 185/4 tilbygg til våningshus Isdal - uttale kultur

Viser til førespurnad om å koma med uttale til søknad om tilbygg til våningshus på gbnr 185/4 Isdal. Underteikna var saman med sivilarkitekt Arild Sætre frå kulturverntenesta i Nordhordland på synfaring på staden 13. september.

Våningshuset som tiltakshavar ynskjer å byggja på er ei eldre lemstove som i følgje Sefrak-registreringa er bygd før 1860. I *Norske gardsbruk* står det at huset er gammalt, og ombygd i 1866. Sidan byggjeår har det vore gjort ein god del endringar – mellom anna byta vindauge og takopplett og nytt tilbygg på baksida av huset. Våningshuset er ein del av klyngetunet på Isdal som er vurdert til å ha svært høg verneverdi. I vurderinga av søknaden er det difor lagt vekt på kulturmiljøet som heilskap og ikkje berre dette bygget.

I kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen har området fått omsynssone H570. Felles for alle områda som har fått omsynssone H570 i denne planen er:

Eksisterande verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på og ikkje rivast. Ved utarbeiding av reguleringsplan eller søknad om løyve etter pbl. §§20-1til 20-8 skal tiltaket skje på vernet sine premisser og innanfor kulturminne/miljøet si tålegrense for endring. Det gjeld særleg tilpassing til bygningane si plassering i tun eller terreng, utforming, hovudkonstruksjonar, takform, fasadematerialbruk og fargebruk. Ved søknad om løyve til tiltak kan kommunen vurdere å gje mellombels forbod om tiltak. Søknad om løyve til tiltak skal innehalde ein arkitektonisk, kulturhistorisk og estetisk omtale som viser korleis tiltaket tek omsyn seg til verneføremålet.

I føresegnene som gjeld omsynssone H570_6 står det:

Nye tiltak skal ivareta omsynet til kulturminneverdiane. Det skal ikkje etablerast tiltak som kan øydelegge eller redusere kulturminneverdiane, eller som kan redusere kunnskaps-, opplevings- og formidlingsverdien knytt til kulturminnet, kulturmiljøet eller kulturlandskapet

og miljøet omkring. Søknadar om tiltak skal dokumentere at omsynet til kulturminneverdiane er teken i vare.

Me kan ikkje sjå at denne søknaden inneheld ein arkitektonisk, kulturhistorisk og estetisk omtale, og at den dokumenterer at omsynet til kulturminneverdiane er tatt i vare slik det står i føresengnene til kommunedelplanen. Søknaden inneheld heller ikkje informasjon om materialval verken på tak, kledning, vindauge eller dører. Slik dokumentasjon bør liggja ved søknader som gjeld tiltak i omsynssone H570 om ein skal kunna gjera ei god nok kultrminnefagleg vurdering av tiltaket.

Det er ynskjeleg at kulturminne vert nytta og at for å oppnå dette må ein av og til gjera endringar på bygg slik at dei har god nok standard til å tilfredstillia dagens krav. I verneverdige kulturmiljø er det likevel viktig at dette skjer med omsyn til kulturminneverdiane. Vår viktigaste merknad til det omsøkte tilbygget er at det ikkje innordnar seg hovudbygget når det gjeld storleik og utforming. Me rår difor til at det ikkje vert gjeve løyve til tilbygget. Eit tilbygg bør planleggast i samarbeid med arkitekt med kulturminnefagleg kompetanse. Arild Sætre ved kulturverntenesta i Nordhordland kan kontaktast for hjelp til dette.

Under synfaringa såg me også at det er gjort ein god del arbeid på løa på bruket. Dette er tiltak som me meiner burde vore gjort i dialog og samarbeid med kulturavdelinga i Alver og kulturverntenesta i Nordhordland for å hindra at kulturminneverdien i bygget ikkje vert redusert. Dette gjeld mellom anna bytte av kledning, fjerning av låvebru (mellombels) og fargeval.

Med helsing
Alver kommune, Kultur

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune, Plan og byggesak Postboks 4 5906 FREKHAUG